

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim	FA - C10	18/1448

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2018	Ungdomsrådet	PS	07.06.2018

Representantar frå ungdomsrådet til jury for logokonkurranse "Trygt og godt oppvekstmiljø"

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø skal arbeida for å sikra at barn og unge har det både trygt og godt i barnehage/skule og på fritida. Eg jobbar hovudsakleg på systemnivå. Innsatsområda mine er oppvekstmiljø, demokrati og medborgarskap og livsmestring og folkehelse.

I samband med prosjektet «trygt og godt miljø» ynskjer prosjektgruppa å få på plass ein logo gjennom å ha ein logokonkurranse i skulane/barnehagane i Meland. Kvar klasse/avdeling røystar fram to logoar som dei vil senda inn til prosjektleiar.

For å velja ut vinnaren ønskjer prosjektleiar Anette Hesjedal to representantar frå ungdomsrådet til juryen.

Konklusjon

Representanter vert valgt to representantar i møtet.

Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet - 27/2018

UR - behandling:

Prosjektleiar Anette Hesjedal oppdaterer om prosjektet «Trygt og god oppvekstmiljø»

- Det er starta ein Snap Chat «Trygt og godt» kor ungdom kan komme i direkte kontakt med Anette og ei Facebookside med informasjon og holdningsarbeid som er meir retta mot føresette.
- 30 august vert det foredrag på HN FHS med tema «Oppvekstmiljø» og Ingrid Lund som er framstående forskar på mobbing skal ha foredrag for skule/barnehage.
- Det vert jobba med å ha ei veke undervisning i skulen under tema «Livsmestring» - i samarbeid med kommunepsykolog, helsesøster og fysioterapeut. Her kan aktuelle tema være

psykisk helse», «sex og samliv», «skilsmisse», «sjølvbilde og sjølvtilitt», «relasjonar og vennar»

· Det kan og verte aktuelt med temakveldar ut over hausten.

Det er lyst ut logokonkurranse til prosjektet, og prosjektleiar Anette Hesjedal ønskjer to representantar frå ungdomsrådet til juryen.

UR - vedtak:

«Susanne Slettebakken og Elias Jordan El Fakraoui er representantar til jury for logokonkurranse for prosjekt «trygt og godt oppvekstmiljø»